

Innbyding til Fjord-O 2022

Velkomen til ein aktiv o-ferie i Ålesund/Stryn 13.-17. juli 2022

Emblem IL, Ålesund, og IL Veten, Stryn, ynskjer velkomen til Fjord-O 2022. Løpa går i nokre av dei mest spektakulære orienteringsterrenga i Fjord-Norge, med slagordet: «med panoramautsikt til fjord og fjell». Fjord-O er eit ferieløp med fire løp på fem dagar, med samanlagtpremiering. To av løpa er mellomdistanse og to løp er langdistanse.

Løp 1 og 2, onsdag 13. juli & torsdag 14. juli - Ålesund

Samlingsplass:

Eikenosa, ca. 20 km øst for Ålesund sentrum. Parkering ca. 200-500 meter frå samlingsplass. Veg mellom parkering og samlingsplass. NOK 50 i parkeringsavgift per dag.

Start onsdag: kl. 17.00 - ca. 20 minutter å gå.

Start torsdag: kl. 11.00 - ca. 25 minutter å gå.

Opne klassar og K-klassar har fri start frå fyrste ordinære start.

N-open kan starte 1 time før fyrste start og har start nær samlingsplass.

Nærmare informasjon om startsted for løype 9-13 kjem seinare.

Terrengskildring:

Dag 1: Mellomdistanse. Grovkupert, ope fjellterreng på øvre delar. Lågare delar av terrenget har til dels diffus skråli med noko undervegetasjon.

Dag 2: Langdistanse. Grovkupert, ope fjellterreng ispedd noko myrparti og gammal glissen furuskog. Lettløpt myr i øvre delar, noko diffust i lågareliggjande område. Gjennomgåande god løpbarheit.

Kart begge dagar:

«Blindheimsfjellet». Laserkurver og ortofoto, utgjeve 2022. Synfart/digitalisert av Yngve Skogstad.

Løp 3 og 4, lørdag 16. juli & søndag 17. juli - Stryn

Samlingsplass:


Roset ca. 15 km vest for Stryn sentrum. Parkering ca. 300-1000 meter frå samlingsplass. Grusveg mellom parkering og samlingsplass. NOK 50 i parkeringsavgift per dag.

Start laurdag: kl. 11.00 - ca. 15 minutter å gå.

Start søndag: kl. 11.00 - ca. 5 minutter å gå.

Opne klassar og K-klassar har fri start frå fyrste ordinære start.

N-open kan starte 1 time før fyrste start og har start same sted som ordinære klassar.



Terrengekildring:

Dag 3: Langdistanse. Ein del skråli med blandingskog og enkelte plantefelt, elles ope. Småkupert med ein del myr. Stort sett lettsprunge med fin botn.

Dag 4: Mellomdistanse. Variert terreng. Småkupert med blandingskog (krevjande o-teknisk). Myrlendt med open furuskog. Skråli med ein del plantefelt og skitraséar.

Kart begge dagar:

«Vangen aust» utgjeve 2022. Synfart/digitalisert av Gunnar Gytri.

Klassar og løypetilbod

Løype	Herrar	Damer	Løp 1 og 4 Mellomdistanse	Nivå	Løp 2 og 3 Langdistanse	Målestokk
1	H21		6 km	A	9,5 km	1:10 000
2	H19-20, H35	D21	5,5 km	A	8 km	1:10 000
3	H17-18, H40	D35, D19-20	5 km	A	6,5 km	1:10 000
4	H45, AL-open	D17-18, AL-open	4,7 km	A	6 km	1:10 000
5	H50, H15-16	D40, D45	4,3 km	A	5,5 km	1:7 500
6	H55, H60, H17AK	D15-16, D50,	3,7 km	A	5 km	1:7 500
7	H65, H70, AK-open	D55, D60, D65, D17AK, AK-open	3 km	A	4 km	1:7 500
8	H75, H80, H85	D70, D75, D80, D85	2 km	A	2,9 km	1:7 500
9	H13-14, B-open 17-, B-open 10-16	D13-14, B-open 17-, B-open 10-16	3 km	B	3,7 km	1:7 500
10	C-open 17-	C-open 17-	2,7 km	C	3,5 km	1:7 500
11	H11-12, C-open 10-16	D11-12, C-open 10-16	2,3 km	C	3 km	1:7 500
12	H9-10, N2-open 17-, N2-open 9-16	D9-10, N2-open 17-, N2-open 9-16	1,5 km	N 2	2 km	1:7 500
13	N1-open	N1-open	1,1 km	N 1	1,5 km	1:7 500



EMIT Kontrollsystem

Emit kontrollsystem vert brukt i alle klassar unnateke Småtroll. Brikke kan leigast for NOK 50 per dag. EQ Timing står for tidtakinga.

Premiering

Klasser	Kvart løp	Samanlagt
12 år og yngre	Alle	Ingen
13-16 år	1/3-del	1/3-del
17 år og eldre	Klassevinnar	1/8-del
AL-open AK-open B-open 17- C-open 17- N2-open 17-	Klassevinnar	Ingen
B-open 10-16 C-open 10-16 N2-open 9-16 N1-open	Alle	Ingen


Påmelding

Nettbasert påmelding ved påmeldingssystemet Eventor opnar 1. desember 2021.

- Rabattert påmeldingsfrist: 1. april 2022 kl. 23:59.
- Ordinær påmeldingsfrist: 1. juli 2022 kl. 23:59.

Etter 1. juli og fram til løpsdagen er påmelding i opne klassar einaste moglegheit. Alle påmeldingsavgifter i tabellen under er per løp.

Alder	T.o.m. 1. april 2022 Alle løyper	2. april-1. juli 2022 Alle løyper	Etter 1. juli og på arena. Kun opne klassar
T.o.m. 12 år	NOK 125	NOK 125	NOK 125
13-16 år	NOK 125	NOK 175	NOK 175
F.o.m. 17 år	NOK 200	NOK 300	NOK 300



Direktepåmelding på arena

Alle opne klassar.

Faktura og betaling

Norske klubbar blir fakturert etter løpa er ferdige. Utanlandske klubbar betalar startkontingenten ved påmelding til:

Mottakar: IL Veten N-6795 Blaksæter
Konto: 3705 36 61123
Merk: Merk innbetaling med etternamn
IBAN: NO70 3705 36 61123
SWIFT/BIC: SOFJNO22
Bankadresse: Sparebanken Sogn og Fjordane, Langebruvegen 12, postboks 113, 6801 Førde.

Alle bankgebyr må betalast av avsender.

Gebyr NOK 50 per endring av klasse, brikkenummer, starttid, m.m. etter 1. juli 2022. Leigebrikke, NOK 50 per dag, blir rekna som bestilt av alle som ikkje legg inn brikkenummer i Eventor ved påmelding.

Tapt leigebrikke blir fakturert med NOK 600.

Småtroll & barneparkering

Det blir Småtrollarrangement og barneparkering på kvar arena.

Servering på arenaer


Sal av varmrettar og lett mat på samlingsplass alle dagar.

O-butikk

Det blir sal av o-utstyr og sportsutstyr på arena alle dagar frå 4All Sport.

Overnatting

Informasjon om eventuell overnatting vil bli lagt ut på Facebook "Fjord-O 2022" og www.fjord-o.no/2022 etter kvart som det blir tilgjengeleg.



Fredag 15. juli – fridag med mange spennande aktivitetar for heile familien

Ålesund og Stryn har mange spennande attraksjonar for ein kvar smak. Loen Skylift, tur på Skåla, 1848 meter rett opp, Hydla klatrepark, byvandring i den vakre jugendbyen Ålesund, eit besøk i akvariet Atlanterhavsparken, Via ferrata i Stryn, tur til vakre Geiranger, gondol til Strandafjellet, klatrepark i Valldalen, havrafting, kajakk eller tur til ein av fleire brearmar til Jostedalsbreen og mykje meir.

Sjekk desse linkane for meir informasjon:

Facebook-sida til Fjord-O 2022: <https://www.facebook.com/fjordo2022>

Nettsida til Fjord-O 2022: www.fjord-o.no/2022

Kontaktpersonar

Løpsleiar dag 1 og 2: Åsmund Steen, e-post: asmundsteen@yahoo.no

Løpsleiar dag 3 og 4: Jon Rune Heimlid, e-post: jon.rune72@gmail.com

Løypeleggjarar dag 1 og 2: Emma Johansson og Asgeir Bakken Rognstad

Løypeleggjarar dag 3 og 4: Isak Bergset og Elias Bergset

Teknisk delegert (TD): Harald Hjellbrekke, mobil: 97712051

Leiar hovudkomitéen Fjord-O 2022: Audhild Bakken Rognstad, e-post:

leiarhovedkomitefjordo@emblem-il.no